

# **Reglement for rådet for personar med funksjonsnedsettingar**

Vedteke i kst sak 59/21, den 27.9.21

## **Innhald**

1.	Oppnemning, samansetting og funksjonstid.....	2
2.	Verkeområde og oppgåver.....	2
3.	Vedtaksmynne - møteavvikling .....	2
4.	Andre sentrale bestemmelsar .....	3

# Reglement for rådet for personar med funksjonsnedsettingar

Vedteke i kst sak 59/21, den 27.9.21

## 1. Oppnemning, samansetting og funksjonstid

- a. Rådet for personar med funksjonsnedsettingar er oppnemt av kommunestyret med heimel i kommunelova § 5-12, og fyl den kommunale valperioden (fire år).
- b. Rådet består av 5 medlemmer med varamedlemmer i rekkefølge, 3 foreslått av kommunen si valnemnd der minst ein skal vere kommunestyremedlem, og 2 medlemmer med vara foreslått av lokale organisasjoner som representerer personar med funksjonsnedsettingar. Kandidatane må ha sagt ja til å stille til val og vere motivert til oppgåva. Medlemmene vert valt av kommunestyret.
- c. Råd vel sjølv leiari og nestleiari blant medlemmene.
- d. Kvart kjønn skal vere representert med minst 40 %. Elles bør rådet være så breitt samansatt som mogleg, basert på erfaring og bakgrunn, alder, etnisitet. Det er ikkje krav om at representanten har ei funksjonsnedsetting (kan for eksempel vere pårørande).

## 2. Verkeområde og oppgåver

- a. Rådet er eit rådgjevande og ideskapande organ for kommunen som skal bidra til at personer med funksjonsnedsetting vert sikra brei, open og tilgjengeleg medverknad i alle saker som gjeld dei.
- b. Rådet skal representere og ivareta behova til alle innbyggjarar med funksjonsnedsettingar i kommunen.
- c. Rådet skal ha framlagt alle overordna saker som vedkjem personar med funksjonsnedsetting som gruppe, inkludert blant anna likestilling, likeverdig tilgang til kommunale tenester, universell utforming og arbeid mot diskriminering. Vidare årsbudsjett, økonomiplan og plansaker.
- d. Rådet skal ikkje behandle saker som gjeld avgjerder overfor enkeltpersonar.
- e. Rådet skal uttale seg før sakene vert behanda hovudutval/formannskap og kommunestyret slik at uttalelsane fra rådet har muligkeit til å påvirke utfallet av saka.
- f. Rådet kan sjølv ta opp saker som gjeld personar med funksjonsnedsettingar sin situasjon og kan ta initiativ til tiltak som kan betre denne.
- g. Kommunestyret løyver nødvendige midlar til drift av rådet. Kommunestyret avgjer også om det skal vedtakast eige budsjett.

## 3. Vedtaksmynde - møteavvikling

- a. Rådet gjer sine vedtak i møte.
- b. Rådet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades under drøftingene og avgir stemme. Vedtak blir gjort med alminnelig flertall. Ved stemmelikhet, er leiaren si stemme avgjerande.
- c. Kvar medlem kan stille spørsmål til møteleiar i starten av møtet, også om saker som ikkje står på saklista. Møteleiar eller ein annan etter samråd med møteleiar, kan svare på spørsmålet. Møteleiar kan også avgjere at svar på spørsmålet kan bli gitt på neste møte.  
Det er ikkje høve til debatt eller kome med forslag til vedtak i samband med slike spørsmål.
- d. Det skal førast møtebok frå møta. Møteboka skal gjerast tilgjengeleg for medlemmane og andre med møterett. Eventuelt også for andre instansar til orientering.

# Reglement for rådet for personar med funksjonsnedsettingar

Vedteke i kst sak 59/21, den 27.9.21

## 4. Andre sentrale bestemmelsar

- a. Rådet skal minst 4 møte i året og held vanlegvis møta sine etter fastsett møteplan, når leiar i rådet finn det påkrevd eller når minst 1/3 av medlemmane krev det.
- b. Leiar i rådet har ansvar for at det vert sett opp sakliste til kvart møte. Dette vert gjort i samarbeid med sekretær. Sekretæren har ansvar for at møteinnkallinga vert gjort tilgjengeleg for medlemmene, varamedlemmene og andre med møterett i god tid før møtet, seinast 7 dagar før møtet.
- c. Ordfører, kommunedirektør, leiar av hovudutval og kommunalsjefar har møte- og talerett.
- d. Leiarar i hovudutvala kan møte når rådet spør om det.
- e. Møta skal gjennomførast i samsvar med kommunelova sitt kapittel 11. Møta skal som hovedregel gjennomførast for opne dører, og kunngjerast på tilstrekkeleg måte.
- f. Møteboka/protokollane skal etter kvart møte leggast fram som referatsak for Levekårsutvalet.
- g. Rådet skal kvart år utarbeide årsmelding som vert lagt fram for kommunestyret.
- h. Rådet sine medlemmer er å rekne som folkevalde og har dei same rettar og plikter som andre folkevalde etter kommunelova, inkludert rett til møtegodtgjersle.
- i. Kommunedirektøren sørger for sekretærhjelp for rådet.
- j. Rådet skal inviterast til å delta i den ordinære politikaroplæringa som vert arrangert ved starten av ny valperiode.